



Minneord om Åse Eikemo Strømme

Mangeårig lokallagsleiar i Vaksdal Historielag, Åse Eikemo Strømme døydde 19. februar 2018.

Åse vaks opp på garden Eikemo i Eksingedalen i ein syskenflokk på fire. Her deltok ho i dagleglivet i barndom og ungdom med alle dei gjeremål som var naturleg i den tids gardsdrift. Ho fekk såleis grundig kunnskap om og personleg innsikt i liv og levemåte i eit gardssamfunn der sjølvberging var hovuregelen for familiarne. Dette har ho skildra i ymse artiklar i denne bokserien.

Etter skulegong på Eidsland, bar det ut i verda med realskule og seinare sekretærskule. Utdanninga førte ho fram til kontorjobb i dåverande Dale fabrikk og seinare sekretærstilling Vaksdal kommune. I den samanheng fekk ho også ein nøkkelposisjon som sekretær i arbeidet med bygdebøkene i kommunen. Åse kjende alt stofftilfanget i bygdebokarkivet frå innsida, noko historielaget har hatt stor nytte av.

Ho var i dei siste arbeidsåra sine tilsett på interkommunalt arkiv i Bergen, der ho som yrke kunne arbeida med sin største hobby: Historie!

Arbeidsoppgåvenene vart også vidareført i hennar livslange interesse for organisasjonsarbeid med historie, både lokalt, på fylkesnivå og også på landsnivå. Ho var såleis ei tid styremedlem og leiar i Hordaland Sogelag og styremedlem i landslaget for lokalhistorie. Lokalt har ho vore den trygge lokallagsleiaren i Vaksdal Historielag og aktiv medlem i bokredaksjonen heilt frå starten.

I lokalsamfunnet elles tok Åse også del, i det ho var med ei tid både i sokneråd og kommunestyre.

Alle dei yrkesmessige og private engasjement Åse har lagt ned årelang innsats i, førte til at ho var den sikraste kjelda Vaksdal Historielag hadde for det meste av det arbeidet laget har stått for sidan starten. Ho var aktiv i historielagsarbeidet til det siste, både frå sjukeseng og rehabilitering heime. Vaksdal historielag vil sakna Åse sin store «kunnskapsbank» og arbeidskapasitet og vil på denne måten heidra ho og lysa fred over minnet hennar.